Utvida periode med lågare vasstand. 07.10.2016

Lågare vasstand i Mannsvatnet er godt synleg. Det er gjort funn i denne perioden.

Perioden med lågare vasstand i Mannsvatnet er forlenga fram til og med 30. november. Søknaden gjeld senking av vasstanden med inntil 1 meter. Mykje nedbør i august månad har forverra arbeidet med damrehabilitering. Difor bed ein om meir tid for å fullføra arbeidet på ein fullgod måte.

Tverrelva kraft AS, som SKL eig, kan med dette halda fram arbeidet med senka vatn til kote 563. Føresetnaden er at vassføringa i Tverrelva vert sikra med fullt forbislepp.

Den gamle dammen er opna og skal byggjast opp på nytt.

Nedsenka vatn har ført til at nokre hytteeigarar har nytta høve til å få på plass små steinfyllingar som fortøyingsplass for båt. Lågare vatn har gjort at det er gjort funn, mellom av ei eka ved Vetle Kutongjen. Elles kjem det fram tomme hemetikkboksar og fiskeslukar.
Uskedalen.no vil seinare skriva meir om sjølve anleggsarbeidet med bilete frå den gamle og den nye dammen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal